



Turgruppa på Dønhaug ved Festidalen sin arena.

Det er registrert ein merkbar auke i talet turgrupper som legg turen til Uskedalen. Sist søndag var nokre grupper samla på Fjellandsbø, kring gapahuken ved vatnet. På tysdag kom Turgruppe 3 i regi av Kvinnherad Turlag til Uskedalen. Turgruppa fekk fyrst vera med på kulturhistorisk vandring i sentrum og over Dønhaug før ein gjesta Kafe Tiaren.

Kvinnherad Turlag i samarbeid med LHL Kvinnherad har søkt og motteke kr. 17.000,- i statlege midlar i det som vert kalla Aktiv i 100. Det er eit lågterskeltilbod der alle skal kunna vera med på tur. Ein legg opp til eit variert og tilpassa turopplegg. Målet skal mellom vera å bli kjend med ulike bygder og møta menneska der ein kjem.

Kjell Yri, leiar i Kvinnherad Turlag, var guide for Husnesgruppa på tysdag. Turen gjekk langs elva, framom Stemneplassen og over Dønhaug, rundt Neset, båthamna og tilbake til samlingsplassen ved Gamleskulen.

Denne bygdevandringa i nærmiljøet legg vekt natur- og kulturhistoria, namn på fjella og gardane. På Dønhaug er det vakker utsikt mot Skorpo, Børnes, Eik og Steinsletto. På Dønhaug vert det sjølvstøtt lagt inn stopp på Festidalen sin arena. I Geilo vert det same gjort på plassen for prosjektet Gull av grus.

Bygdevandringa i sentrum går unna på vel ein time. Turen kan lett utvidast om ein ynskjer det. Eit lett og fint alternativ er turen inn til Flåtene i Eikedalen, på begge sider av Eikeelva. Med betre turløype til Rød på Gamlevegen, vil truleg denne traseen få fornøye og auka bruk.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Ingrunn Mo Hardeland/Kvinnherad Turlag



Kjell Yri, leiar i Kvinnerad Turlag, var guide for dei 25 medlemene i turgruppe 3, Aktiv i 100.